

K J Ø P E K O N T R A K T.

Mellom Sigurd Lothe som seljar og Per Steinar Lothe som kjøpar er det idag inngått fylgjande kjøpekontrakt:

Sigurd Lothe sel med dette egedomen sin, gnr. 57 br.nr. 27 og 44 i Sandnes kommune til sonen Per Steinar Lothe.

Kjøparen overtek egedomen med påståande bygningar den 1/5-1978.

Kjøpesummen for den faste egedomen er avtalt til kr. 425.000,- firehundreogtjuefemtusen kroner - og skal betalast slik:

Kjøpar overtek pantobligasjon i Statens Landb.bank	kr.	49.217,-
" " " " i Sandnes Sparebank	"	8.619,-
" skriv ut pantobligasjon til seljar for	"	187.164,-
" betalar kontant mot skjøte	"	180.000,-.

Den pantobligasjonen som kjøparen skriv ut til seljaren kan selast opp med 6 - seks - mnd. varsel av kjøpar eller seljar. Renta skal til ei kvar tid vera minst lik lånerenta i bank på 1. prioritets lån, for tida 8½%. Renta skal betalast kvar 30.juni og 31.desember, første gong 31. desember 1978. Avdrag vert å betala etter eigen avtale.

Seljaren skal driva garden fram til 1. januar 1979.

Kjøparen har bygd hus på egedomen og han skal sjølvsgt overta dei to pantobligasjonane som gjeld dette huset, utan at dette skal gå til avkorting på kjøpesummen for den faste egedomen. Disse obligasjonane er ein til Statens Landbruksbank, kr. 50.000,-, og ein til Den Norske Creditbank med restgjeld kr. 6.500,-.

Dersom egedomen skulle verta seld vidare, skal syskena til Per Steinar Lothe ha forkjøpsrett til egedomen etter takst fastsett av jordstyret. Denne klausulen om forkjøpsrett for syskena skal gjelda fram til 1/1-1988. Etter denne dato kan egedomen seljast fritt.

Denne kontrakten er skriven i to eksemplar, eitt til kvar av kjøpar og seljar.

Kjøparen skal bera alle utgiftene i samband med handelen.

Malmheim, den 15/2-1978.

Som kjøpar:

Som seljar:

Per S. Lothe

Sigurd Lothe